



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Lærarar i samarbeid med foreldre i
konflikt

Teachers in collaboration with
parents in conflict

Line Kristin Ahlin

Ord: 7652

Grunnskulelærerutdanning 5-10

PE379

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Rettleiar: Linda Moen Rebni

11. mai 2018

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10*

Samandrag

Med utgangspunkt høge skilsmisse- og separasjonsstatistikkar, samt eit betydeleg tal barn med delt bustad, har oppgåva som føremål å belyse emnet heim-skule samarbeid med hovudvekt på foreldre i konflikt etter samlivsbrot. Oppgåva vil byggje på lærarars erfaringar om korleis dette påverkar ulike aspekt ved samarbeidet mellom heim og skule. Oppgåva vil med forankring i dette rette søkelyset mot problemstillinga: *Kva erfaringar har lærarar om heim-skule samarbeid med foreldre i konflikt etter samlivsbrot?* Ved å nytte kvalitativt intervju som metode, har eg intervjuat tre lærarar i skulesystemet angående deira erfaringar om det aktuelle emnet. Funna viser at lærarar i ulik grad har erfaringar knytt til konflikt mellom foreldre etter samlivsbrot, men at samarbeid med denne type heimar i sjeldan påverkar interaksjonen mellom heim og skule. Funna syner likevel utfordringar knytt til det aktuelle samarbeidet, og belyser viktigheita rundt tilrettelegging, god kommunikasjon, openheit, tilgjengelegheit og kollegasamarbeid.

Forord

Det er vemodig å avslutta eit fire år langt kapittel ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Fire år med kunnskap, erfaringar, gode venner og nye kjennskap som eg vil ta med meg vidare inn i framtida. Siste semester ved grunnskulelærerutdanninga 5 – 10 har vore spesielt spennande og lærerikt. Bachelorprosessen har budd på glede og frustrasjon, men mest av alt har den vore spennande og utfordrande.

Tusen takk til alle informantane som tok seg tid til å vera med i undersøkinga og dela sine erfaringar. Ein ekstra stor takk til min rettleiar Linda Moen Rebni for gode konstruktive tilbakemeldingar og motiverande ord.

Takk!

Line Kristin Ahlin

Sogndal

11.05.2018

Innhald

1.0 Introduksjon	3
1.1 Tema og bakgrunn.....	3
1.2 Omgrepsavklaringar	4
1.2.1 Samlivsbrot.....	4
1.2.2 Konflikt	4
1.3 Oppbygging av oppgåva	4
2.0 Teori.....	5
2.1 Samarbeid mellom heim og skule	5
2.1.1 Heim-skule samarbeid.....	5
2.1.2 Samarbeidets forankring.....	5
2.1.3 Eit godt heim-skule samarbeid: kjenneteikn og tilrettelegging	5
2.2 Når foreldre skil lag	6
2.2.1 Barn med to heimar.....	6
2.2.2 Konflikt mellom foreldre	6
2.2.3 Konsekvensar for barna.....	6
2.3 Samarbeid med foreldre etter samlivsbrot.....	7
2.3.1 Kommunikative utfordringar	7
2.3.2 Profesjonalitet	8
2.3.3 Oppfatningar av familien.....	8
3.0 Metode	9
3.1 Induktiv tilnærming og søk etter relevant teori	9
3.1.1 Induktiv tilnærming	9
3.1.2 Søk etter relevant teori	9
3.2 Kvalitativt intervju som forskingsmetode	9
3.3 Val av informantar.....	10
3.4 Validitet og reliabilitet	10
3.4.1 Validitet	10
3.4.2 Reliabilitet.....	11
3.5 Etske omsyn.....	11
3.6 Gjennomføring	11
3.7 Metodekritikk	12
4.0 Presentasjon av resultat	13
4.1 Heim-skule samarbeid med foreldre etter samlivsbrot.....	13
4.1.1 Omfang av innverknad i heim-skule samarbeidet.....	13

4.1.2 Kommunikative utfordringar	13
4.1.3 Oppfatningar og haldningar	14
4.2 Avdekking av konflikt i heim-skule samarbeidet.....	14
4.3 Tilrettelegging.....	15
4.3.1 Utviklingssamtale	15
4.3.2 Open- og tilgjengelegheit	16
4.3.3 Kollegasamarbeid og skulehelsetenesta	16
5.0 Drøfting.....	17
5.1 Heim-skule samarbeid med foreldre etter samlivsbrot	17
5.1.1 Omfang av innverknad i heim-skule samarbeidet.....	17
5.1.2 Kommunikative utfordringar	17
5.1.3 Oppfatningar og haldningar	18
5.2 Avdekking av konflikt i heim-skule samarbeidet.....	18
5.3 Tilrettelegging.....	19
5.3.1 Utviklingssamtale	19
5.3.2 Open- og tilgjengelegheit	20
5.3.3 Kollegasamarbeid og skulehelsetenesta	20
6.0 Avslutning.....	22
7.0 Litteraturliste.....	23
8.0 Vedlegg.....	25
8.1 Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring.....	25
8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide	26

1.0 Introduksjon

1.1 Tema og bakgrunn

Heim-skule-samarbeid er eit aktuelt og viktig tema i skulen og er forankra i skulens styringsdokument. Forsking syner klare samanhengar mellom foreldres interesse og investering av tid i barns skulekvardag og barns forhold til skulen (Carlisle, Stanley & Kemple, 2005). Samarbeid med heimen er på grunnlag av faktorar som dette og i følgjer *Opplæringslova* pålagt og ein del av skulens mandat. Lova om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa understrekar viktigheita og relevansen av samarbeid med heimen, og seier mellom anna at *«opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring»*, (Opplæringslova, 1998, §1-1).

Som lærar må ein ta forbehold om å møte eit mangfald av foreldre i ulike livssituasjonar og med ulike bakgrunnar. I blant desse: foreldre i konflikt etter samlivsbrot. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at nær 10.000 ekteskap enda i skilsmisse året 2017, medan over 10.000 tok ut separasjon (Statistisk sentralbyrå, 2018). Samtidig vart om lag 30.000 saker meldt til mekling ved familievernkontora året 2016, der majoriteten av sakene omhandla parforhold, foreldresamarbeid og rettleiing. Desse statistikkane set samarbeidet mellom heim og skule i eit anna perspektiv og syner at det for lærarar kan vera relevant å få breiare kompetanse og ei djupare innsikt i ei problemstilling som rettar seg inn mot denne type samarbeid.

Oppgåva vil dreie seg om lærarar i møte med foreldre i konflikt og barna deira. Ved hjelp av ei kvalitativ tilnærming og intervju av tre lærarar som forskingsmetode, vil oppgåva byggje på lærarars erfaringar og refleksjonar rundt møte med foreldre etter samlivsbrot som av ulike årsaker er i konflikt med kvarandre. Kva erfaringar har lærarar med foreldre i konflikt etter samlivsbrot i heim-skule samarbeidet? Korleis påverkar dette heim-skule samarbeidet? Med utgangspunkt i desse spørsmåla og essensen i sjølve heim-skule samarbeidet, nemleg eleven, har eg kome fram til denne problemstillinga: *Kva erfaringar har lærarar om heim-skule samarbeid med foreldre er i konflikt etter samlivsbrot?*

1.2 Omgrepsavklaringar

1.2.1 Samlivsbrot

Betydeleg mange barn lev i ein kvardag der foreldre av ulike årsaker ikkje bur i lag (Wiik, Kitterød, Lyngstad & Lidèn, 2015, s.7). Det kan på bakgrunn av desse tala antakast at skulen må kommunisere med to heimar for å få til eit optimalt og tilstrekkeleg samarbeid. Nokre av desse elevane har foreldre som har gjennomgått eit samlivsbrot. I denne oppgåva vert omgrepet samlivsbrot definert som foreldre eller føresette, heretter foreldre, som ikkje lenger ønskjer å leva i fellesskap med kvarandre og dermed har brote ut av eit forhold. Dette kan gjera samarbeid mellom heim og skule meir krevjande og komplekst. Ekstra krevjande vert samarbeidet når det ikkje er harmoni og det av ulike årsaker er oppstått konflikt mellom partane (Samnøy, 2015, s.59). Det er hovudsakleg det denne oppgåva vil rette seg inn mot.

1.2.2 Konflikt

Omgrepet konflikt er breitt og mangfaldig, og kan forståast på forskjellige måtar. Konflikt kan først og fremst definerast som ein tilstand der to eller fleire motstridande ynskjer, impulsar eller motiv er til stades (Store norske leksikon, 2018). I denne samanhengen snakkar me om usemje mellom foreldre i heim-skule samarbeidet relatert til oppseding av felles barn. Konflikten mellom partane kan vera gjeldande i ulik grad. Det kan vera konflikter og utfordringar av større og meir langvarig betydning, samt utfordringar og konflikter som er mindre omfattande. I denne oppgåva snakkar me om konflikter som går føre seg under sjølve samlivsbrotet, eller konflikter som er gjeldande i etterkant.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva er bygd opp av 8 kapittel: innleiing, teori, metode, resultat, drøfting, avslutning, litteraturliste og vedlegg. Teorikapittelet omhandlar relevant forskning og teori retta mot heim-skule samarbeid og foreldre i konflikt etter samlivsbrot. Vidare vert det presentert val av kvalitativ metode i metodekapittelet, før resultat og drøfting vert presentert i *separate* kapittel. Avslutningsvis kjem ei oppsummering av funn i avslutningsdelen.

2.0 Teori

Dette kapitlet vil ta føre seg relevant forskning og teori retta mot heim-skule samarbeid og den aktuelle problemstillinga: *Kva erfaringar har lærarar om heim-skule samarbeid med foreldre i konflikt etter samlivsbrot?*

2.1 Samarbeid mellom heim og skule

2.1.1 Heim-skule samarbeid

Heim-skule samarbeid er eit overordna omgrep nytta om forholdet og samarbeidet mellom heim og skule, og skildrar ein gjensidig og likeverdig relasjon mellom dei to partane (Ertesvåg, 2016; Drugli & Nordahl, 2016). Kort formulert kan heim-skule samarbeid på generelt grunnlag forståast som skulen sin relasjon med heimen og foreldre sitt engasjement og involvering i deira barns skulekvardag. I følgjer Drugli og Nordahl (2016) finst det inga eintydig definisjon, men omgrepa foreldreinvolvering og foreldresamarbeid vert ofte nytta i samband med det aktuelle samarbeidet.

Heim og skule er to sentrale og meningsfulle arenaer i barn og unges liv (Drugli & Nordahl, 2016). Det dei lærer, opplever og erfarer her kan ha stor innverknad på deira liv, funksjon og vidare utvikling. Eit godt samarbeid mellom heim og skule er dermed ein viktig og avgjerande faktor i arbeidet med å fremje elevs læring og utvikling (Lassen & Breilid, 2012, s.11). I tillegg til å vera ein viktig ressurs i utviklinga av den einskilde elev, kan samarbeid også vera ein positiv bidragsytar til eit godt og velfungerande læringsmiljø (Drugli & Nordahl, 2016; Hattie, 2009).

2.1.2 Samarbeidets forankring

Skulens føremålsparagraf framhevar at opplæringa skal skje i samarbeid og forståing med heimen. Opplæringslova § 1-1 seier eksempelvis: «*Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring*» (Opplæringslova, 1998, § 1-1). I følgjer opplæringslovas forskrifter har foreldre minst to gonger årleg rett til planlagd og strukturert samtale med kontaktlærer om elevens faglege og sosiale utvikling (Opplæringslova, 2006, §20-3).

Eit godt og konstruktivt samarbeid mellom heim og skule har eleven i fokus, og er viktig for å fremja barn og unge si læring og utvikling (Lassen & Breilid, 2012, s.11). Også opplæringslovas forskrift (2006) påpeiker samarbeidets relevans. § 20-1 omhandlar føremålet med foreldresamarbeidet, og seier mellom anna at: «*Skolen skal sørgje for samarbeid med heimen, jf. Opplæringslova § 1-1 og § 13-3d. Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling.*»

2.1.3 Eit godt heim-skule samarbeid: kjenneteikn og tilrettelegging

Eit velfungerande og konstruktivt heim-skule samarbeid er avgjerande i utviklinga av barn og unge, og bør bera preg av felles mål, gjensidig forplikting og medverknad (Drugli & Nordahl, 2016; Lassen &

Breilid, 2012). Samarbeidet er kjenneteikna av gjensidig tillit mellom alle partar, dette for å få samarbeidet til å vera støttande, rettleiande og oppmuntrande (Lassen et al., 2012, s.11). Tillit i arbeid med relasjonsbygging byggjer på kommunikasjon og tilhøyr, der eit godt heim-skule samarbeid er kjenneteikna av partar med positive relasjonar seg i mellom som er trygge i nærværet av kvarandre (Lassen et al., 2012, s.16).

Ein vesentleg del av eit godt og konstruktivt samarbeid, som også er ein viktig føresetnad for å fremja samarbeid, er positiv kontakt mellom skule og heim (Lassen et al., 2012; Drugli & Nordahl, 2016). Positiv *kommunikasjon* er derav elementært i samarbeidet. Lærarar burde ha klare strategiar i kommunikasjon med foreldre og etablere *positiv* kontakt med heimen gjennom tilstrekkelege møtepunkt (Lassen et al., 2012, s.126). Det er skule og lærar som har ansvar for å leggja til rette for gjensidig kontakt og finna kommunikasjonsvegar som er tilstrekkelege for alle partar (Samnøy, 2015, s.24).

2.2 Når foreldre skil lag

2.2.1 Barn med to heimar

Lenge har den tradisjonelle *kjernefamilien* vore det dominerande familiebiletet (Kjølørød & Skirbekk, 2018; Store norske leksikon, 2017). Dei siste åra har det derimot skjedd store endringar angående familiestruktur og familiemønster. Familieomgrepet har fått eit breiare omfang, og andre familiestrukturar er blitt meir allmenne og vanlege (Kjølørød et al., 2018). Barn kjem frå eit mangfald av ulike familietypar – der i blant oppløyste familiar der foreldre ikkje bur i lag. I følgjer rapporten «*Samarbeid mellom foreldre som bor hver for seg*» gjennomført av Statistisk sentralbyrå basert på *Undersøkelsen om samvær og bosted 2012*, vekslar om lag ein av fire barn mellom to heimar (Wiik et al., 2015, s.7). Ein aukande statistikk som kan setjast i samanheng med stadig meir involverte fedrar i barneomsorga.

2.2.2 Konflikt mellom foreldre

Samarbeid med foreldre etter samlivsbrot kan vera vanskeleg i seg sjølv. Spesielt krevjande kan det vera dersom det er konflikt sentrert mellom foreldra (Samnøy, 2015, s.59). Fleire barn lev i ein kvardag med foreldre i konflikt etter samlivsbrot. Rapporten «*Samarbeid mellom foreldre som bor hver for seg*» støttar dette (Wiik et al., 2015). I følgjer rapporten viser *Undersøkelsen om samvær og bosted 2012* at mindreparten av foreldre med delt bustad har eit konfliktfylt forhold (Høstmark, 2013). Av foreldra som deltok i undersøkinga, opplevde 33% forholdet med den andre foreldreparten som konfliktfylt (Wiik et al., 2015, s.13).

2.2.3 Konsekvensar for barna

Konfliktar i parforhold påverkar barna, dette uavhengig av samlivsbrot (Gulbrandsen, 2013; Killèn, 2013). Forsking viser også at barn i ulik grad vert påverka av samlivsbrot mellom foreldre og at

negative konsekvensar ofte utspelar seg som følgjer av dette (Gulbrandsen, 2013). Det er dermed ingen tvil rundt det faktum at omfattande livsomveltingar som eksempelvis samlivsbrot mellom foreldre *kan* ha stor betydning for barn og unge. Konsekvensane kan utspele seg både fagleg, sosialt og emosjonelt (Rød, 2012, s.29, 30). Haaland knyter denne barnegruppa opp mot psykososiale problem. Sjølv om dei fleste barn etter samlivsbrot utviklar seg normalt, finst det likevel risikofaktorar relatert til aspekt ved negativ åtferd og psykiske plagar (Haaland, 2002, s.31, 32). I følgjer rapporten «Samarbeid mellom foreldre som bor hver for seg» viser forskning at delt bustad er ei god løysing for barn dersom foreldre samarbeider godt, bur i nærleiken av kvarandre og tar omsyn til barnas ynskjer og behov. Det er samstundes usemje rundt i kva grad to heimar er hensiktsmessig for små barn (Wiik et al., 2015, s. 7).

2.3 Samarbeid med foreldre etter samlivsbrot

2.3.1 Kommunikative utfordringar

Heim-skule samarbeid som ikkje fungerer fører til tap for alle partar. Særleg hardt kan det gå utover barn og unge som ikkje får tilstrekkeleg støtte i den sosiale og faglege utviklinga (Lassen et al., 2012, s.12). Samnøy peiker på vanlege utfordringar knytt til lærarrolla og heim-skule samarbeidet, mellom anna når foreldre ikkje bur i lag og opererer som to sjølvstendige heimar. Konklusjonen er at dette *kan* vera krevjande for lærarar i heim-skule samarbeidet (Samnøy, 2015, s.59).

Ein sentral faktor i heim-skule samarbeidet er naturlegvis kommunikasjon. Når foreldre skil lag og opererer som to sjølvstendige heimar *kan* det oppstå kommunikative utfordringar (Samnøy, 2015, s.59). Har foreldre delt omsorgsrett, vekslar barnet gjerne mellom to ulike heimar. I desse tilfella må skulen kommunisere med to bustadar i staden for ein, noko som på mange måtar kan gjera arbeidet med kommunikasjon og heim-skule samarbeid meir krevjande. Det er kjent at kommunikasjonsflyt mellom tre partar kan utspele seg meir komplekst enn kommunikasjon mellom to (Samnøy, 2015, s.59). Ein tredjepart kan dermed gjera samarbeidet mindre funksjonelt og arbeidskrevjande.

Kommunikative utfordringar i heim-skule samarbeidet kan utspela seg på ulike måtar. Mangel på informasjon som rører ved elevane og deira skulekvardag er eksempel på dette (Samnøy, 2015, s.60). Avklaringar i forbindelse med dette. Avklaringar er nødvendig i etableringa av eit godt heim-skule samarbeid og vil gjera arbeidet mindre komplekst for alle partar (Samnøy, 2015, s59). Relevante endringar i elevens kvardag og tilstrekkeleg informasjon om barnets livs- og bustadsituasjon er naudsynt for skulen å vita om, og er elementært for å gi den oppfølginga og omsorga eleven har krav på (Samnøy, 2015, s.60, 61).

2.3.2 Profesjonalitet

Det kan i lærarrolla og heim-skule samarbeidet vera utfordrande å unngå interaksjon som involverer ein i konflikten. Ubevisst kan det foreldre seier om kvarandre danna grunnlag for oppfatningar ein gjer seg om dei føresette. (Samnøy, 2015, s.60). Det krevjast at læraren konsekvent ikkje let relasjonen mellom foreldra, konflikten og biletet dei teiknar av kvarandre danna grunnlag for meiningar og vurderingar i heim-skule samarbeidet (Samnøy, 2015, s.60). Likevel kan det førekomma sterkare relasjonar med ein av partane. Dette eksempelvis fordi *ein* involverer seg meir enn den andre og er sterkare synleg i samarbeidet (Samnøy,2015, s.60). Skulen sitt utgangspunkt er at eleven treng begge foreldra sine. Lærarar skal dermed ha som intensjon å behandla foreldre likt, samt vera tydelege på at dei ynskjer kontakt med begge (Samnøy, 2015, s.60, 61).

2.3.3 Oppfatningar av familien

Familieterapeut Kirsti Ramfjord Haaland stiller spørsmål om me i dagens samfunn opererer med to typar familiar der me oppfattar den eine som bra og den andre dårleg: kjernefamilien og den skilde familien (Haaland, 2002, s.9, 10). Vidare skil Folkesson (1996) mellom to verkelegheiter knytt til oppfatningar av familien – den ytre og den indre verkelegheita. I den ytre verkelegheita er familien eit samfunnsmessig objekt med perspektiv på ytre kjenneteikn som lett kan observerast, medan den indre verkelegheita fokuserer på familiens indre betydning. Kontrasten mellom dei to dreier seg om korleis familien vert observert utanfrå og haldninga samfunnet har til familien – dette i motsetnad til familiens indre *funksjon* i den private sfære(Nordahl, 2015, s.77). Vidare påpeiker Drugli & Nordahl (2016) at lærarars haldningar i stor grad verkar inn på kvaliteten av heim-skule samarbeidet, og at forskning syner lærarars tendensar til å definere enkelte foreldregrupper (Carlisle, Stanley & Kemple, 2006; Drugli & Nordahl, 2016).

3.0 Metode

I arbeidet med forskning kan det nyttast ulike metodar for å innhente informasjon og tileigne seg ny kunnskap innanfor bestemte fagområde (Larsen, 2017, s.17). Avgjerande er det at metoden i forskingsarbeidet er eigna til å svara på problemstillinga forskaren har formulert. I dette kapittelet vil eg presentera forskingsmetoden som er nytta i forskingsarbeidet, utval av informantar, gjennomføring av undersøking, forskingas reliabilitet og validitet samt etiske omsyn. Eg vil først gå inn på tilnærminga eg hadde i forskingsprosessen og søket etter relevant teori.

3.1 Induktiv tilnærming og søk etter relevant teori

3.1.1 Induktiv tilnærming

Undervegs i forskingsprosjektet har eg jobba med ei open og fleksibel problemstilling. Ei problemstilling som har vist seg å både endra og utvikla seg undervegs i prosessen. Som forskar har eg på førehand vore open for ulike forklaringar og tilnærmingar, og har ikkje utelukka noko før undersøkinga starta. Eg har på grunnlag av dette gått inn i forskinga med ei induktiv tilnærming (Larsen, 2017, s.24).

3.1.2 Søk etter relevant teori

Søk på internett og i bibliotekets database har gitt få resultat retta spesifikt inn mot den aktuelle problemstillinga. Trass fleire publikasjonar og funn retta mot konfliktforståing og heim-skule samarbeid på generelt grunnlag, ser det til gjengjeld ut å finnast lite litteratur angående heim-skule samarbeid relatert til denne tematikken. Litteratur som omhandlar foreldre som ikkje bur saman og rapportar angående samarbeid mellom foreldre som bur kvar for seg, ser ut til å vera relevant og nyttig for forskinga.

3.2 Kvalitativt intervju som forskingsmetode

Metoden ein nyttar i forskingsprosjektet skal vera hensiktsmessig i arbeidet med å svara på den aktuelle problemstillinga forskaren utformar. Befring (2010, s.29) skriv at informantars meiningar, sjølvforståing, intensjonar og haldningar står sentralt i kvalitativ forskning. Eg har på bakgrunn av dette og problemstillinga nytta ei kvalitativ tilnærming i arbeidet med å innhenta empiri.

I innsamlinga av datamaterialet, har eg nytta kvalitativt intervju som metode. Valet har eg gjort på bakgrunn av problemstillinga og den aktuelle metodens føremål i søken av innsikt i personars erfaringar, meiningar og kjensler (Larsen, 2017, s.98). I forskingsprosjektet er eg som forskar ute etter lærarars erfaringar og opplevingar i denne type heim-skule samarbeid. Ved å nytte kvalitativt intervju får informantane moglegheit til å skildre sine erfaringar, og gi meg som forskar og lærarstudent djup innsikt og kompetanse i desse erfaringane.

Intervjuforma er lagt opp til å vera semistrukturert. Det vil seie at intervjuet er delvis strukturert (Larsen, 2017, s.99). I forkant av intervjuet har eg utforma ein fleksibel intervjuguide som tek utgangspunkt i ferdig formulerte spørsmål og delspørsmål, (Vedlegg 2). Rekkjefølgja på spørsmåla er justerbar der det også er moglegheit for oppfølgingsspørsmål - dette dersom det er ønskjeleg at informanten utdjuar eller er meir konkret i sine svar. Lydopptak skal nyttast under intervjuet. Seinare vert dei transkribert for skriftleggjering av datamaterialet, dette for å framstille informantanes skildringar og erfaringar på ein nøyaktig og presis måte.

3.3 Val av informantar

Då føremålet med forskinga er å innhente informasjon om erfaringar lærarar har angående heim-skule samarbeid med foreldre i konflikt og korleis dette påverkar heim-skule samarbeidet, fell valet på å lærarar som intervjuobjekt naturleg for meg. Teke i betraktning at tematikken er relevant og kjent for mange lærarar, dette på bakgrunn av høge statistikkar retta mot samlivsbrot, er det likevel viktig for meg at intervjuobjekta har erfaring om emnet. Informantane er difor ikkje nyleg tilsette i skuleverket. Informantane blei kontakta via snøballmetoden – ein metode basert på forskarens utval av personar med truleg relevant erfaring angående det aktuelle emnet (Larsen, 2017, s.90). To av informantane hadde eg kjennskap til frå tidlegare, medan den tredje blei utvald på bakgrunn av tilvising frå andre.

Informantane er tre lærarar frå ulike skular der alle har minst 10 års arbeidserfaring i skuleverket. Dei aktuelle lærarane er i skrivande stund kontaktlærararar på barne- og mellomsteget. I oppgåva har eg valt å omtale lærarane som informant 1, informant 2 og informant 3. Uavhengig av kjønn vert alle omtalt som ho.

- Informant 1 har jobba som lærar i 27 år og er lærar på 5.årssteg.
- Informant 2 har jobba som lærar i 10 år og er lærar på 6.årssteg.
- Informant 3 har jobba som lærar i 21 år og er lærar på 4.årssteg.

3.4 Validitet og reliabilitet

I forskingsprosessen, er det gjennomgåande viktig å vurdere forskingas validitet og reliabilitet. Dette omhandlar i kva grad datamaterialet er relevant og påliteleg (Larsen, 2017, s.93, 94).

3.4.1 Validitet

Validitet i kvalitative studium handlar om stadfesting, truverd og overføringsverdi (Larsen, 2017, s.93, 94). Her må ein vurdere om det er grunnlag for å stadfeste funna ein har gjort, om tolkingane er gyldige for den røynda som er studert, samt om funna som er gjort kan overførast til andre grupper enn dei deltakande i forskingsprosjektet.

I kva grad datamaterialet er relevant og gyldig, handlar altså om kor *valid* informasjonen er. På grunnlag av dette kan det seiast at relevansen for datainnsamlinga retta mot problemstilling er viktig. I forkant av datainnsamlinga gjennomførte eg ein såkalla prestudie eller pilotintervju, dette for å sirkle inn relevante og spesifikke problemstillingar og spørsmål (Befring, 2010, s.74). Med utgangspunkt i rettleiing frå medstudent gjennom dette pilotstudiet, følte eg at eg utarbeida spørsmåla retta inn mot problemstillinga på ein best tenkeleg måte og at eg dermed sikra meg høg validitet i den grad det var mogeleg.

3.4.2 Reliabilitet

Reliabilitet i kvalitative studium handlar om nøyaktigheit og pålitelegheit (Larsen, 2017, s.94). Dette dreier seg om forskarens nøyaktigheit og presisjon i forskingsarbeidet, samt forskingas truverd. Dei empiriske funna som vert presentert, skal ha forankring i datamateriale om faktiske forhold (Larsen, 2017, s.95).

Sikring av høg reliabilitet kan vera komplekst i kvalitative studium, ettersom forskarar vektlegg, oppfattar og tolkar ting ulikt (Larsen, 2017, s.95). Med lydopptak av alle intervju, i tillegg til ordrett transkribering, er det lite rom for eigne meiningar og personlege tolkingar rundt datamaterialet. På denne måten vert dei presentert på ein nøyaktig og presis måte. På bakgrunn av dette, kan det dermed tenkjast at reliabiliteten aukar då informasjonen vert svært nøyaktig.

3.5 Etske omsyn

Det er teke nødvendige etiske omsyn i forskings- og skriveprosessen. Informantane i denne undersøkinga er anonyme, og har frivillig delteke i undersøkinga med anonymitet som føresetnad. I sjølve oppgåva er dei omtalt som informant 1/11, informant 2/12 eller informant 3/13, og er på denne måten sikra anonymitet. Det er ikkje mogeleg å spore informasjon og datamateriale tilbake til skular eller informantar.

3.6 Gjennomføring

Av omsyn til stor pågang relatert til undersøkingar ved skular, kontakta eg informantar direkte via e-post. Dette valet gjorde eg også for å sikre meg intervjuobjekt med tilstrekkeleg erfaring. E-posten som vart tilsendt intervjuobjekta var eit kort og formelt informasjonsskriv. Då informantane bekrefta sitt ynskje om deltaking i prosjektet, kontakta eg rektor ved skulen dei var tilsett. Med klarsignal frå rektor, kunne intervjuja gjennomførast.

Det blei i forkant av intervjuet signert ei samtykkeerklæring. Denne inneheldt også eit kort informasjonsskriv (vedlegg 1). Intervjuja føregjekk separat til stades ved dei ulike skulane informantane var tilsette ved. Det blei gjort lydopptak av intervju, og i tillegg noterte eg stikkord for hand.

3.7 Metodekritikk

Det er grunnlag for kritiske refleksjonar rundt ulike aspekt ved undersøkinga. Eit problem knytt til reliabilitet kan vera settingas innflytelse på informantanes svar. I intervju *kan* informanten bli påverka av settinga og intervjuaren, som igjen kan påverke svara som vert formidlar (Larsen, 2017, s.95). Å nytte informantar ein har relasjonar til, kan i dette høvet vera problematisk då det er mogeleg at informantane vert påverka av kjennskap til intervjuaren, og at svara dei gjer reflekterer dette.

4.0 Presentasjon av resultat

I dette kapittelet vil eg gjera greie for og presentere resultata frå undersøkinga. Med grunnlag i eit omfattande datamateriale, har eg gjort eit utval av det som frå min ståstad er dei viktigaste og mest interessante funna. Informantane vil i denne delen verta omtalt som I1, I2 og I3.

4.1 Heim-skule samarbeid med foreldre etter samlivsbrot

4.1.1 Omfang av innverknad i heim-skule samarbeidet

På spørsmål om erfaringar knytt til heim-skulesamarbeid med foreldre etter samlivsbrot og førekomst av konflikt i denne type samarbeid, har informantane ulike opplevingar. I1 erfarer at heim-skule samarbeid med denne foreldregruppa stort sett er godt. Det at foreldre har vore igjennom eit samlivsbrot, er i følgjer informanten ikkje noko som påverkar skule- og yrkeskvardagen og dermed heim-skule samarbeidet i stor grad. Ho seier eksempelvis: *«Det skal vera sagt at det ikkje er mange slike konfliktsaker som har vore desse åra eg har arbeidd som lærar. Det er andre aspekt ved foreldresamarbeidet som tek over merksemda»*. I2 har på generelt grunnlag også gode erfaringar med denne type samarbeid. Ho understrekar: *«Det er sjeldan. Det er unntaka. Det skjer men det er sjeldan»*. Informantane understrekar begge at førekomsten av konflikt mellom foreldre etter samlivsbrot truleg er høgare enn den viser seg i heim-skule samarbeidet, men at dei trur konflikten må vera relativt omfattande før den gjer seg til syne. I3 viser seg å ha ein del erfaring på området. Ho opplever i likskap med dei andre at denne type samarbeid stort sett går fint, men at det til tider kan vera ganske krevjande. I3 har i større grad enn I1 og I2 opplevingar kring problematikk i denne type samarbeid.

4.1.2 Kommunikative utfordringar

Informantane reknar alle kommunikasjon som den vanlegaste utfordringa i heim-skule samarbeid med foreldre i konflikt etter samlivsbrot. Dei er alle samde om utfordringa knytt til kommunikasjon og samarbeid med to einskilde heimar. I1 seier det er viktig at foreldre får den same informasjonen og at begge partar kjenner seg informert og opplyst i heim-skule samarbeidet. I1 påpeiker mellom anna problematikken rundt dette i dei separate utviklingssamtalane. Ho seier: *«Ein lyt passa seg for kva ein seier og ikkje seier ettersom foreldra skal ha den same informasjonen. I ein sånn samtale er ikkje alltid utfallet det same. Det eg har planlagt å seie på samtalane kjem ut, men den spontane samtalen kan verta annleis»*. Det er på bakgrunn av utfordringar som dette I2 ynskjer ein felles utviklingssamtale med begge foreldre til stades. Ho tykkjer det er viktig at foreldra får den same informasjonen. I3 tykkjer også at det somme tider er krevjande å kommunisere med to separate heimar. Ho tykkjer det er naudsynt å sørge for at informasjonen når begge, ettersom det i desse tilfella aldri er garantert at informasjon vert vidareformidla mellom partane. Informantane er tydelege på at kommunikasjon i heim-skule samarbeidet med foreldre etter samlivsbrot er mindre

krevjande no grunna internett og digitalisering av det som før berre var papirdokument. I1 seier: «I desse teknologiske tider går det meste via nett, slik at alle foreldre får tak i informasjon. Så sant dei kjem seg inn der». I2 og I3 reflekterer også begge rundt dette.

4.1.3 Oppfatningar og haldningar

På spørsmål om haldningar til familiar utifrå familiestruktur, verkar informantane betenkte. I1 svarar: «Eg er ekstra observant. Dersom det er dømmende å tenkja på førehand at ein må vera ekstra observant». Ho utfyller seinare: «eg håpar verkeleg ikkje det vert stigmatiserande, nett som at eg forventar at det er noko ekstra med desse elevane, men eg tenkjer at det er naturleg at dei kanskje treng litt meir oppfølging». Informanten seier at det har vore tilfelle der ho har tvilt på familiens funksjon, men at dette har vore forankra i barnets åtferd. I2 er tydeleg på at ho ikkje dømmer familiens funksjon med utgangspunkt i familiestruktur. Ho påpeiker likevel at barnets funksjon avgjerande. Ho seier: «Dersom det er noko ved barnet eg reagerer på, dersom ein ser at barnet har det vanskeleg, først då vert eg veldig på vakt». I2 understrekar at ho som lærar i dagens samfunn ikkje oppfattar foreldre etter samlivsbrot som problematisk for samarbeidet – dette på grunnlag av det store mangfaldet av familiestrukturar. I3 fortel at det har vore tilfelle, men at foreldras åtferd og veremåte er avgjerande. Ho seier: «Dette kjem heilt ann på foreldretypen. Dersom dei verkar rolege i samarbeidet tenkjer eg ikkje over det. Opplever eg dei som hissige i utgangspunktet, tenkjer eg nok kanskje at det kan verta problematisk».

4.2 Avdekking av konflikt i heim-skule samarbeidet

Spørsmålet i undersøkinga retta seg mot korleis konflikt mellom foreldre etter samlivsbrot kom til syne i heim-skule samarbeidet. Lærarane gjorde seg erfaringar av konflikten på ulike måtar. Dette ikkje berre i heim-skule samarbeidet, men også gjennom eleven.

Eit fellestrekk for alle informantane er at konflikten kjem til syne ved at foreldra sjølv opplyser om den. I2 seier eksempelvis: «Det er hender at ein forelder ber meg om samtale eller ein liten prat, dette utan eleven til stades. Då pratar me litt. Det føler eg er veldig greitt, for då veit eg kva stoda er og korleis eg kan møte eleven med omsyn til situasjonen heime». Informantane erfarer at denne type samtalar og avtalar vert gjort mellom lærar og føresette undervegs i samarbeidet. Informantane erfarer alle at foreldra i desse tilfella, der det er konflikt, ofte er bevisste på konflikten og ynskjer tilrettelegging på bakgrunn av dette. Dei aktuelle avtalane kan ha ulikt innhald og omfang, men dreier seg ofte om tilrettelegging for at samarbeidet skal fungera tilstrekkeleg.

I1 og I2 opplever sjeldan konflikt mellom foreldre frå den aktuelle foreldregruppa i heim-skule samarbeidet. Deira erfaring er at konflikten ofte er svært omfattande før den gjer seg gjeldande. Dei meiner sjølv dette har samanheng med at foreldre er reserverte rundt privat anleggjande og at dei

ikkje ynskjer å dra konflikten med seg inn i samarbeidet. Informantane har inntrykk av at foreldre strekk seg langt i arbeidet med å få til eit godt og velfungerande samarbeid mellom heim og skule. Dette gjeld særleg I2. I1 har spesielt ein merkverdig erfaring knytt til dette. Ho fortel: *«Eg har vore involvert i situasjonar der alt tilsynelatande har gått på skinner. Dette i frå foreldra bestemte seg å gå i frå kvarandre og heile prosessen i samlivsbrotet. Både mor og far uttrykte dette. Dei snakka med kvarandre, organiserte godt og hadde gode avtalar. Så seinare, nokre år etterpå, så høyrer eg at det ikkje gjekk så greitt likevel».*

I3 har ved fleire anledningar erfart konflikten på nært hald. Konflikten har mellom anna vore tydeleg og gjeldande under sjølv utviklingssamtalen. I3 kan fortelja at det ved fleire anledningar har vore naudsynt å be føresette om å dempe konfliktnivået under samtalen. Det har også vore tilfelle der I3 har bedt eleven om å gå ut. Informanten fortel: *«Eg har ved fleire anledningar på møte bedt dei vaksne om å roe ned. Ein gong måtte eg faktisk be ein elev om å gå ut».* I3 presiserer at det syner til at konflikten gjer seg gjeldande i samarbeidet når samlivsbrotet har skjedd nyleg og ikkje er fullt tilarbeidd. Ho meiner at foreldre i denne perioden opptrer som ekstra sårbare i heim-skule samarbeidet.

4.3 Tilrettelegging

I undersøkinga blei informantane spurde om kva dei erfarte som viktig i møte med foreldre i konflikt i heim-skule samarbeidet og korleis dei la til rette for eit godt og velfungerande samarbeid. Spørsmåla retta seg inn mot kva framgangsmåte, teknikkar og strategiar dei nytta samt korleis dei ville jobba for å skapa eit godt heim-skule samarbeid ved avdekking av konflikt. Informantane er alle opptekne av å førebyggja og leggja til rette i samarbeidet.

4.3.1 Utviklingssamtale

I1 og I3 legg ved behov til rette for separerte utviklingssamtalar, dette dersom konfliktnivået er høgt. I1 erfarer: *«Eg har vore borti tilfelle der foreldra ikkje kan vera til stades i same rom. Då må du fyrst ha ein samtale med elev og den eine forelderen før du deretter samtalar med eleven og den andre forelderen».* I3 har også erfaringar knytt til dette. Ho fortel: *«Når konflikten er stor mellom dei vaksne, utspelar det seg ofte i ein sånn type samtale. Då er mi erfaring det at det er betre å dela opp i to samtalar, dette for å verne om barnet».* I2 køyrer derimot ikkje to utviklingssamtalar. Informanten understrekar at ho aldri har fått førespurnad om dette og at ho dermed aldri har teke stilling til problemstillinga, men at hennar personlege- og yrkesmessige erfaring er at eit godt og velfungerande samarbeid er kjenneteikna av at begge foreldre er til stades under utviklingssamtalen. Ho grunnjev svaret med at foreldre skal få den same informasjonen.

4.3.2 Open- og tilgjengelegheit

Det som skil seg ut som ein fellesnemnar for alle informantane, er viktigheita kring openheit. I1 vektlegg involvering av foreldre i heim-skule samarbeidet. Ho meiner at open dialog med foreldre er grunnleggjande. Det å vera lydhøyre til føresette og vise interesse for deira synspunkt, tykkjer ho er viktig. I2 er særleg oppteken av det å laga rom for samtale om vanskelege emne. Ho nyttar denne strategien spesifikt i heim-skule samarbeidet, og vektlegg særleg det å vera open og imøtekommande. Dette både på utviklingsamtalar og foreldremøte. Ho fortel: *«Det eg tykkjer er veldig greitt å gjera, som eg også pleier å informere om, er det her med å laga rom og fortelje foreldra at dei kan prata med oss. At dei kan ta kontakt med meg eller andre på skulen dersom det skulle vera noko som påverkar barnet og barnets skulekvardag»*. Også I3 tykkjer openheit er viktig. Ho byggjer heim-skule samarbeidet på tillit, og har sterk tru på det å vera open, ærleg og direkte.

For informantane er det elementært å ha ein god og open dialog med føresette og vera tilgjengeleg i samarbeidet. Informantane tykkjer det er naudsynt at foreldre ved behov kan oppsøke dei og initiere til samtale. Ein kan knyte dette opp mot kommunikasjon. I1 sa det eksempelvis slik: *«Dette med kommunikasjon og informasjon er alfa omega. Eg trur ikkje skulen har vondt av å vita meir, på ein litt nøytral måte»*. Informanten fortel vidare: *«Det er sånn som eg saknar litt. Den vanskelege informasjonen den toler me å høyre»*. Informasjon angående samlivsbrot og konflikt er i følgjer alle informantane grunnleggjande for å kunne følgje opp eleven og leggje til rette i skulekvardagen. Likevel presiserer dei alle *graden av openheit*. Både I1, I2 og I3 understrekar si rolle i heim-skule samarbeidet som upartisk i høve til konflikten, og klargjer alle til foreldra at dei ikkje ynskjer å vera delaktig. Informantane har eleven og heim-skule samarbeidet i fokus.

4.3.3 Kollegasamarbeid og skulehelsetenesta

Informantane erfarer alle viktigheita rundt samarbeid med kollegaer og skulehelsetenesta. I2 sa eksempelvis: *«Eg har jo involvert helsesystemer og er veldig glad for å ha andre instansar og rådføra meg med. Men først og fremst er eg veldig takksam for at me arbeider i team, og at me saman arbeider for å finne ut korleis me kan handtera situasjonar som dette»*. I1 tykkjer det er naudsynt å nytta kvarandre sin kompetanse og erfaring. Ho meiner at helsesystemer og kollegaer er gode samtalepartnarar. I1 fortel at helsesystemer fast er nytta som samtalepartnar for foreldre etter samlivsbrot i heim-skule samarbeidet. Skulehelsetenesta på skulen ho er tilsett ved, tilbyr samtalar med foreldre som har skilt lag. Hennar erfaring er at foreldre flest er positive til tilbodet. På spørsmål om kollegasamarbeid, svarar I3 at ho nyttar kollegaer og team ved behov. For ho har også leiinga ei sentral rolle. Informanten understrekar viktigheita av å kjenne sine avgrensingar, og erfarer at samarbeid med foreldre i konflikt etter samlivsbrot kan vera utfordrande å handtere på eiga hand.

5.0 Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte funna i undersøkinga og kople det opp mot relevant teori.

5.1 Heim-skule samarbeid med foreldre etter samlivsbrot

5.1.1 Omfang av innverknad i heim-skule samarbeidet

På spørsmål om konflikt i samarbeidet mellom foreldre med delt bustad, hevdar rapporten

«Samarbeid mellom foreldre som bor hver for seg» at ein tredel av foreldra i undersøkinga opplever samarbeidet til ei viss grad eller i stor grad konfliktfylt (Wiik et al., 2015, s.8, 9). Resultata i mi undersøking støttar opp under dette, då I1 og I2 generelt har få erfaringar med denne type heim-skule samarbeid. I3 har meir erfaring på området, men heller ikkje denne informanten tykkjer problematikken er gjennomgåande stor i yrkes- og skulekvardagen. Dette syner til at heim-skule samarbeidet for informantane er lite konfliktfylt og at omfanget av problematikkk i samarbeidet mellom foreldre i konflikt etter samlivsbrot er lite. Sett frå eit anna perspektiv kan det tenkjast å vera faktorar som ligg til grunn for at konflikten ikkje har innverknad i heim-skule samarbeidet. Særleg I1 og I2 har inntrykk av at foreldre strekk seg langt i samarbeidet med skulen, og at konflikten ikkje alltid gjer seg gjeldande i samarbeidet. Ein mogleg forklaring kan då vera at foreldre ikkje ynskjer å dra med seg konflikten inn i heim-skule samarbeidet, og bevisst unngår å involvere skulen. Dette kan tenkjast å avhenge av relasjonen og kjemien mellom partane i samarbeidet. Samrøy (2015) påpeiker at kvaliteten på heim-skule samarbeidet kan avhenge av dei involverte sine personlegdomar, og at samansetjinga av desse kan påverke kor tilstrekkeleg den personlege kommunikasjonen mellom partane fungerer (Samrøy, 2015, s.49). Ei anna forklaring kan vera at foreldre er reserverte rundt privat anleggjande, og ikkje ynskjer merksemd rundt situasjonen.

5.1.2 Kommunikative utfordringar

Heim-skule samarbeid dreier seg om foreldre sitt engasjement og aktivitet i barnets skulekvardag samt deira *kommunikasjon* med skulen – dette i arbeidet for å støtte elevens læringsprosess og faglege utvikling (Drugli & Nordahl, 2016). Informantane erfarer alle kommunikative utfordringar som ein av dei vanlegaste utfordringane i heim-skule samarbeidet med foreldre frå den aktuelle foreldregruppa. Dette vert støtta opp av Samnøy (2015, s.59) som påpeiker førekomst av utfordringar relatert til kommunikasjon i samarbeid med foreldre etter samlivsbrot. Då foreldre i desse tilfella opererer som to åtskilde heimar, vil kommunikasjon mellom tre partar krevja meir enn kommunikasjon mellom to (Samnøy, 2015, s.59). Det kan forståast som kommunikasjon i heim-skule samarbeidet vert meir belastande då begge partar skal ha tilstrekkeleg informasjon og kjenna seg opplyst i samarbeidet. Då det i følgjer teorien er skulen sitt ansvar å leggja til rette for samarbeid med heimen og finna kommunikasjonsvegar som er tilstrekkelege for alle partar, forstå eg det som viktig at lærar finn kommunikasjonsvegar som fungerer for alle partar (Samnøy, 2015, s.24). Skulen

sitt utgangspunkt er at eleven treng begge foreldra, og det er dermed skulens oppgåve å leggje til rette for kontakt med begge. Dersom konflikten er omfattande i den grad at foreldre ikkje evner å møte opp samtidig til samtale, må skulen kalla partane inn separat med omsyn til eleven (Samnøy, 2015, s.60).

5.1.3 Oppfatningar og haldningar

Lærarars haldningar *kan* påverke kvaliteten i heim-skulesamarbeidet (Drugli & Nordahl, 2016).

Informantane svarar alle at dei i større grad er observante dersom barnet eller foreldra si åtferd gir uttrykk for pågåande problematikk. Medan I1 og I2 vert ekstra aktsam på bakgrunn av barnets åtferd, er det avgjerande for I3 korleis foreldre opptrer i heim-skule samarbeidet. Det syner til at I3 i større grad gjer seg opp meiningar om foreldra på bakgrunn av deira åtferd, utan at ho meiner det påverkar samarbeidet.

Funna syner til at informantane i liten grad let seg påverke av familiestruktur. Dette er kanskje ikkje unaturleg då samfunnet dei siste åra har skapt nye kulturelle rammer rundt familielivet (Kjølsvold & Skirbekk, 2018). Familie- og samlivsformene er blitt meir mangfaldige, og det kan forståast som at heim-skule samarbeid med den aktuelle foreldregruppa og funna reflekterer dette. Dersom ulike familieformer får større aksept og me som lærarar ser variasjonen av forskjellige familiestrukturar som naturlege, kan det då tenkjast at elevar opplever samlivsbrot mellom foreldre som mindre belastande? I følgjer Haaland vil det å lytte til barn frå ulike familiestrukturar og verdsetje deira perspektiv og meiningar bidra til å endre tradisjonelle oppfatningar av korleis ein familie burde vera og skapa større aksept rundt mangfaldet av familiar (Haaland, 2002, s.10).

Likevel uttrykkjer informantane tendensen til verta ekstra observant rundt dei aktuelle familiane. Med forankring i funna, Haaland (2002) og Folkesson (1996) kan ein undra seg over samfunnets oppfatningar av kva som kjenneteiknar ein bra familie og kva som kjenneteiknar ein dårleg – dette på bakgrunn av familiens ytre. Det kan tenkjast at ein på grunnlag av dette som lærar burde vera forsiktig i trekkinga av raske konklusjonar utifrå familiens ytre verkelegheit.

5.2 Avdekking av konflikt i heim-skule samarbeidet

Eit godt heim-skule samarbeid er kjenneteikna av at det er rom for *dialog* mellom skule og heim (Lassen et al., 2012, s.15). Eit godt samspel mellom heim og skule forutset at begge partar *kommuniserer* tydeleg slik at skulen og dei føresette sine forventningar vert avklart (Jenssen et al., 2014, s.58). Informantane erfarer alle at foreldre i stor grad tek initiativ til å opplyse om gjennomgripande situasjonar på heimebane - eksempelvis konflikt mellom foreldre etter samlivsbrot. Informantane seier alle at konflikten som oftast kjem til syne ved at føresette informerer skulen om tilfellet. Det kan dermed forståast som om foreldre flest har ynskje om å informere skulen om

omstende som kan påverke eleven i skulekvardagen og at også mange føresette ser verdien av ein god og open dialog i samarbeidet. Vidare opplever I1 og I2 omfanget av konflikten som omfattande før den gjer seg synleg i heim-skule samarbeidet. Dette i motsetnad til I3 som har fleire og meir hendingsrike erfaringar på området. I1 og I2 sin erfaring er at foreldre i konflikt etter samlivsbrot er villige til å få samarbeidet til å fungere så optimalt som mogeleg. Begge understrekar også moglegheita for at føresette vil halda konflikten skjult og ikkje implisere den i heim-skule samarbeidet. I følgjer Lassen & Breilid (2012, s.11) er eit godt samarbeid kjenneteikna av gjensidig tillit mellom alle partar. Det kan basert på resultatene tenkjast at ein open dialog om vanskelege emne, som eksempelvis konflikt og samlivsbrot, kan vera vanskeleg i små samfunn med få innbyggjarar og mykje kjennskap. Trass lærarars pålagde teieplikt, kan det vera vanskeleg å oppnå eit samarbeidsforhold basert på tilstrekkeleg tillit.

5.3 Tilrettelegging

5.3.1 Utviklingssamtale

Samtale med føresette gir pedagogen gode føresetnader for å bli betre kjent med foreldre og den einskilde elev (Drugli & Nordahl, 2016). Foreldre kjenner ofte barna sine godt, og sit ofte med informasjon som kan vera hensiktsmessig i arbeidet med tilpassa opplæring. Kva som interesserer eleven, kva arbeidsmåtar eleven trivast med samt korleis eleven har det med seg sjølv og i forhold til andre medelevar er relevant og nyttig informasjon som foreldre ofte har god innsikt i og som læraren kan innhente i samarbeid med heimen. Gode utviklingssamtalar kan dermed vera eit viktig reiskap i arbeidet med å skapa eit godt og velfungerande samarbeid mellom heim og skule. Alle informantane ser tydeleg nytten i gode utviklingssamtalar.

I1 og I3 legg til rette for to separate utviklingssamtalar dersom konfliktnivået mellom foreldre er høgt. På bakgrunn av deira store fokus på å setja eleven i sentrum og verne om eleven, kan det tenkjast at dei også ynskjer å beskytte eleven mot konflikt i utviklingssamtalen. Også I2 er oppteken av å ha eleven i fokus. Hennar oppfatning er at nærværet av begge partane på utviklingssamtalen er hensiktsmessig for samarbeidet. Då I2 i svært liten grad har opplevd konflikt mellom foreldre etter samlivsbrot i heim-skule samarbeidet og dermed aldri har fått førespurnader om to separate utviklingssamtalar, kan det tenkjast at informanten hadde revurdert prosedyren for utviklingssamtalar med foreldre i konflikt og tilrettelagt for to einskilde utviklingssamtalar.

Sjølve essensen i heim-skule samarbeidet er arbeidet i utviklinga mot eit felles mål – i dette tilfellet eleven. Det kan med utgangspunkt i dette vera hensiktsmessig for skulen å inngå samarbeid med begge partar, og beskytte eleven mot konflikt i samarbeidet. Ved at alle partar, både foreldrepertane og skulen, skapar ei felles forståing av elevens mål og moglegheiter gjennom etablering av eit godt heim-skule samarbeid, kan det tenkjast at dette får positive ringverknader i utviklinga av den

einskilde elev. Om samarbeidet må finna stad med begge foreldre til stades samstundes, kan diskuterast. Dersom samarbeidet let seg overstyra av foreldras pågåande konflikt, kan ein stilla spørsmål om dette er hensiktsmessig med omsyn til elevens.

5.3.2 Open- og tilgjengelegheit

Openheit og tryggleik mellom partane og ei atmosfære som legg til rette for dette er i følgjer Lassen & Breilid (2012) ein føresetnad som er med på å fremje eit godt samarbeid mellom heim og skule. Vidare vert det påpeika at openheit og rausheit frå skulen og læraren si side vil ha ein positiv effekt i møte med foreldre i heim-skule samarbeidet (Lassen et al., 2012, s. 58). Det å vera open, raus og tilgjengeleg er noko alle informantane framhevar som elementært i interaksjonen mellom skule og heim. Særleg vektlegg dei openheit og open kommunikasjon. På den eine sida kan det å vera informert om endringar i heimen som i ulik grad har innverknad på elevens skulekvardag er essensielt. På den andre sida kan det tenkjast at spesifikke detaljar og oppklaring av element rundt konflikten kan verke negativt inn i heim-skule samarbeidet. Her er *graden av openheit* ein viktig nøkkelseining. Det kan vera fleire grunnar til at utgreiing av detaljar rundt konflikten kan verke negativt inn i heim-skule samarbeidet, og at informantane difor ynskjer å unngå dette. Først og fremst skal skulen vera ein nøytral part i samarbeidet. Det kan tenkjast at det i større grad er lettare å verta involvert i konflikten dersom ein har innsyn i konfliktens omfang og detaljar, og at dette kan danna grunnlaget for synspunkt og meiningar ein gjer seg om foreldra og på denne måten påverke heim-skule samarbeidet. Skulens utgangspunkt er at foreldra skal behandlast likt i samarbeidet, og lærar skal på grunnlag av dette opptre som den profesjonelle parten (Samnøy, 2015, s.60).

5.3.3 Kollegasamarbeid og skulehelsetenesta

I dagens skulesystem forventar ein at lærarar og skuleleiarar samarbeider om å utvikle praksisen ved dei einskilde skulane. Tilsette har dermed eit kollektivt ansvar for skulen som organisasjon (Jenssen & Roald, 2014, s.24). Informantane påpeiker alle kor naudsynt og viktig kollegasamarbeidet er. Via team- og kollegasamarbeid kan lærarar utveksle erfaringar og kompetanse, samt reflektere kring utfordrande aspekt ved yrkeskvardagen – dette i arbeidet med å tilpasse skulekvardagen til den einskilde elev.

Det kan forståast som at behovet for tilpassing i nokre tilfelle vert av ein slik sort at lærarane, skulen og dei ressursane skulen har tilgjengeleg ikkje strekk til. Då kan det vera naudsynt å involvere andre partar i kollegiesamarbeidet. I slike situasjonar kan det vera naturleg å få rettleiing frå andre aktørar, slik som skulehelsetenesta med skulelege og helsesyster (Jenssen et al., 2014, s.70). Informantane trekk også særleg fram helsesyster som elementær i heim-skule samarbeidet. Helsesyster har i følgjer informantane i undersøkinga ei sentral rolle i denne type samarbeid. Det kan tenkjast at helsesyster om fagperson med relevant utdanning på området, kan fungere som rådgjevar for foreldre og elevar

i sårbare situasjonar, samt drive førebyggjande arbeid og rettleiing i samarbeid med skulen som organisasjon.

6.0 Avslutning

Denne undersøkinga hadde som utgangspunkt å belyse lærarars erfaringar om heim-skule samarbeid med foreldre i konflikt etter samlivsbrot. Undersøkinga mi viser at heim-skule samarbeid med foreldre etter samlivsbrot *kan* vera eit aspekt som påverkar – særleg når det er konflikt mellom foreldrepartane. Det at foreldre gjennomgår eit samlivsbrot og det faktum at dei ikkje lenger opererer som *ein* sjølvstendig heim, treng i seg sjølv ikkje vera problematisk for samarbeidet.

Så kva erfaringar har lærarar med foreldre i konflikt etter samlivsbrot i heim-skule samarbeidet? Og korleis påverkar dette samarbeidet? Funna viser at lærarar *i ulik grad* har erfaringar knytt til konflikt mellom foreldre etter samlivsbrot. Undersøkinga syner også at samarbeid med denne type heimar *sjeldan* påverkar interaksjonen mellom heim og skule, då konflikten ofte er omfattande før den vert avdekket. Vidare syner funna ulike utfordringar knytt til det aktuelle samarbeidet, der kommunikasjon ser ut til å vera den vanlegaste.

Informantane erfarer at foreldre flest strekk seg langt i samarbeidet, men at dei også er reserverte rundt problematikken som utspelar seg på heimebane. Inntrykket er at foreldre *i stor grad* ynskjer å informere skulen om situasjonar i privatlivet som påverkar barnet, og at avdekking av eventuelle konflikter mellom foreldre etter samlivsbrot dermed kjem i form at foreldre sjølv opplyser om konflikten. Foreldre syner dermed til å vera opptekne av å gi skulen tilstrekkeleg informasjon, slik at læraren kan leggje til rette for eleven i skulekvardagen og eit tilstrekkeleg samarbeid med heimen. I møte med foreldre i konflikt etter samlivsbrot, er alle informantane opptekne av å leggje til rette for eit godt heim-skule samarbeid. Ved hjelp av framgangsmåtar og teknikkar som god kommunikasjon, openheit, tilgjengelegheit og kollegasamarbeid, meiner informantane mykje er lagt til rette for eit velfungerande heim-skule samarbeid med den aktuelle foreldregruppa.

Det er viktig å understreke at informantane i undersøkinga alle er opptekne av å ha eleven i fokus. Det er barnet og barnets sosiale- og faglege læring og utvikling som er sjølve fundamentet i samarbeidet mellom heimen og skulen, og det var difor viktig for både informantane og meg som forskar og forankre undersøkinga i dette. Det er også viktig å presisere at undersøkinga tek utgangspunkt i tre lærarars erfaringar. Funna kan dermed ikkje generaliserast.

Spørsmål retta mot heim-skule samarbeid mellom foreldre i konflikt etter samlivsbrot vil kunne opne for nye forskingsspørsmål. Samarbeid mellom heim og skule er eit emne eg ser som aktuelt og spennande. Som snart nyutdanna lærar vil eg ta forbehold om å møte eit *mangfald* av foreldre, samt leggje til rette for eit godt og velfungerande samarbeid mellom heim og skule.

7.0 Litteraturliste

Befring, E. (2007). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. (2.utg.). Oslo: Samlaget

Carlisle, E., Stanley, L. & Kemple, K.M. (2007). Opening doors: Understanding school and family influences on family involvement. *Early Childhood Education Journal*, 33, 155–162.

Drugli, M. B. & Nordahl, T. (2016). *Forskningsartikkel: Samarbeidet mellom hjem og skole*. Henta frå <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/samarbeid/hjem-skole-samarbeid/samarbeidet-mellom-hjem-og-skole/?depth=0&print=1#hvordan-fremme-foreldresamarbeid> den 20.02.18

Ertesvåg, Sigrun. K. (2016). Skole-hjem samarbeid. *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/skole-hjem_samarbeid den 20.02.18

Folkesson, P. (1996). Perspektiver på familien ved slutten av et årtusen. I: Sandbæk, M. & Tveitan, G. (red.): *Sammen med familien*. Oslo: Kommuneforlaget

Gulbrandsen, W. (2013). *Foreldrekonflikter etter samlivsbrudd ; en analyse av samspill og kilder til det fastlåsende*. Tidsskrift for Norsk psykologforening, 50(6), 540-551.

Hattie, J. (2009). *Visible learning. A synthesis of over 800 meta-analyses relating to achievement*. New York: Routledge.

Høstmark, M. (2013). *Undersøkelsen om samvær og bosted 2012: Dokumentasjonsrapport* (Statistisk sentralbyrå 36/2013). Henta frå https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/161455?_ts=143fbc56740 den 09.03.18

Killén, K. (2013). *Barndommen varer i generasjoner: forebygging er alles ansvar* (3. utg.). Oslo: Kommuneforlaget

Kjølsrød, L. & Skirbekk, S. (2018). Familie. *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/familie> den 15.03.18

Larsen, A. K. (2017). *En enklere metode. Veiledning i samfunnsvitenskapelig forskningsmetode, 2.utgave*. Bergen: Fagbokforlaget

Lassen, L. & Breilid, N. (2012). *Foreldresamarbeid i praksis*. Bergen: Fagbokforlaget

Nordahl, T. (2015). *Hjem og skole: hvordan etablere et samarbeid til elevenes beste?* (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget

Opplæringslova. (1998). Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa m.v. av 17.juli 1998 nr. 61. Henta frå <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61> den 20.02.18

- Opplæringslova. (2006). Forskrift til opplæringslova. Henta frå https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_22#%C2%A720-4 den 20.02.18
- Rød, P. A. (2012). *Barn i klem mellom foreldrekonflikter og samfunnsmessig beskyttelse*. (Doktoravhandling, Universitetet i Bergen). Henta frå http://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/6240/Dr.thesis_Per%20Arne%20Roed.pdf?sequence=1 den 13.04.18
- Samrøy, S. (2015). *På samme lag. Samarbeid mellom hjem og skole*. Oslo: Gyldendal
- Statistisk sentralbyrå. (2018). *Ekteskap og skilsmisser*. Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/ekteskap>
- Statistisk sentralbyrå. (2018). *Familievern*. Henta frå <https://www.ssb.no/famvern> den 30.04.18
- Store norske leksikon. (2017). Kjernefamilie. *Store norske leksikon*. Henta frå <https://snl.no/kjernefamilie> den 15.03.18
- Store norske leksikon. (2018). Konflikt – psykologi. *Store norske leksikon*. Henta frå https://snl.no/konflikt_-_psykologi den 04.02.18
- Wiik, K. A., Kitterød, R. H., Lyngstad, J. & Lidèn, H. (2015). Samarbeid mellom foreldre som bor hver for seg. (Statistisk sentralbyrå 1/2015). Henta frå <https://www.ssb.no/befolkning/artikler-og-publikasjoner/attachment/215350?ts=14b06d52170> den 15.02.18

8.0 Vedlegg

8.1 Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Skildring av bacheloroppgåva

Eg er bachelorstudent på grunnskulelærerutdanninga 5 – 10 (GLU 5-10) ved Høgskulen på Vestlandet, Campus Sogndal. Dette semesteret skriv eg bacheloroppgåva mi. Bacheloroppgåva mi har som føremål å belyse temaet *samarbeid mellom heim og skule når foreldre er i konflikt med kvarandre*. Undersøkinga vil byggje på lærarars erfaringar angående heim-skulesamarbeid med foreldre i konflikt etter samlivsbrot og omhandle korleis dette påverkar heim-skule samarbeidet. Det er viktig å understreke at konflikten er sentrert mellom foreldra.

Bacheloroppgåva går ut på å gjere eit kvalitativt intervju av *minst* tre lærarar angående dette temaet.

For spørsmål eller kontakt:

Student: Line Kristin Ahlin tlf: 48209805 e-post: 140861@stud.hvl.no

Rettleiar: Linda Moen Rebni e-post: linda.moen.rebni@hvl.no

Frivillig deltaking

All deltaking er frivillig, og informantane kan trekke seg når som helst. Det vert gjort lydopptak av intervjuet. Opptaket vert sletta mai 2018 ved innlevering av bacheloroppgåva.

Informantane kan når som helst avbryte intervjuet eller trekke tilbake informasjon som er gjeve under intervjuet.

Anonymitet

I bacheloroppgåva vil informantane vera anonymisert. Det vil berre vera forskaren som er kjend med kven som er blitt intervjuet. Informasjonen vil ikkje kunne tilbakeførast til informantar eller skular.

Samtykke

Før gjennomføringa av intervjuet, må informantane samtykke til deltakinga ved å underteikne på at dei har lest og forstått informasjonen i denne samtykkeerklæringa og at dei som informantar ønskjer å delta.

Eg har lest og forstått informasjonen over og gir mitt samtykke til å delta i intervjuet. Eg samtykker også til at denne informasjonen kan nyttast i den aktuelle bacheloroppgåva:

Stad og dato

Signatur

8.2 Vedlegg 2: Intervjuguide

Intervjuguide

- Bakgrunnsspørsmål:

Stilling

Tal på år med arbeidserfaring

- På generelt grunnlag: Kva erfaringar har du med heim-skulesamarbeid *når foreldre ikkje bur i lag?*
 - Dette i motsetnad til heimar der foreldre bur i lag
 - Er det som regel konflikt mellom foreldre når dei ikkje bur saman? Tykkjer du samarbeidet mellom heim og skule er krevjande når foreldre ikkje bur i lag? På korleis måte?
- Kva erfaringar har du med heim-skulesamarbeid der foreldre ikkje bur saman, og av ulike årsaker har ein *konflikt* mellom seg? (NB: presiser kva du legg i omgrepet konflikt)
 - Snakk om konflikt
 - Kva tenkjer du om denne type samarbeid?
- Korleis gjer du deg erfaringar av at det er konflikt? På korleis måte kjem konflikten til syne?
- Kva er dei vanlegaste utfordringane når foreldre er i konflikt med kvarandre?
- Kva tenkjer du om konflikt mellom foreldre i heim-skulesamarbeidet?
 - Personleg, yrkesmessig
- På korleis måte påverkar denne type samarbeid di rolle som lærar i heim-skule samarbeidet?
- Har du erfaringar av at konflikten kan ha innverknad på eleven si faglege og sosiale utvikling? På korleis måte?
- Kva er viktig for deg i møtet med foreldre i konflikt i heim-skule samarbeidet? Korleis legg du til rette for eit godt heim-skulesamarbeid der foreldre er i konflikt?
 - Korleis går du fram i samarbeidet?
 - Kva strategiar/teknikkar nyttar du i denne type samarbeid?
 - *Korleis ville du ha jobba* for å skapa eit godt heim-skulesamarbeid dersom du hadde oppdaga at foreldra ikkje samarbeida godt seg i mellom grunna konflikt?